

## Hofseth Aqua as – Løyve til akvakulturlokalitet 45058 Urdanaset – sakshandsamingsfakta i korte trekk.

Oversikta under gjev eit godt oversyn over saksprosessen ved denne søknaden.

27.02.20: Stranda kommune får brev frå fylkeskommunen om søknad om akvakulturanlegg og vert breidt om å legge søknaden ut til offentleg høyring i 4 veker. Kommunen vert vidare bedt om å gi uttale om søknaden er i samsvar med kommunale planar og interesser. Kommunen sin uttale saman med innkomne merknader skal sendast fylkeskommunen innan 29.05.20. Her ligg ved kart som tydeleg viser anleggsplasseringa.

25.05.20: Frist for å kome med merknad til søknaden som er kunngjort og låg ute til offentleg ettersyn i 4 veker.

18.05.20: Motteken uttale frå 17 medlemmer i Stranda småbåtlag.

22.05.20: Mottek uttale frå Bodil Korsedal.

25.05.20: Motteke uttale frå Tor Waaler.

04.06.20: Formannskapet gav høyringsuttale i sak 059/20. I vedteke reglement for formannskapet punkt 2 avsnitt 11 ligg det til formannskapet å gje høyringsuttale.

24.07.20: Fylkesmannen gjev løyve etter forureiningslova. Alle uttalar ligg ved saka. Det vert opplyst om 3 vekers klagerett.

05.08.20: Kommunen får kopi av klage frå 17 medlemmer i Stranda småbåtlag.

05.08.20: Kommunen får kopi av klage frå Bodil Korsedal..

14.08.20: Kommunen får kopi av klage frå Tor Waaler.

15.09.20: Kommunen får kopi av klagehandsaming hos Fylkesmannen. Klagarane vert orientert av Fylkesmannen.

20.09.20: Kommunen får epost frå Kjell Even Vågsæter om at klagarane ikkje representerer Stranda småbåtlag, men er medlemmer av småbåtlaget. Fylkesmannen fekk kopi av brevet.

21.10.20: Miljødirektoratet avviste klaga på Fylkesmannen sitt vedtak etter forureiningslova.

13.11.20-18.11.20: Epostkorrespondanse mellom Tor Waaler, fylkeskommunen og kommunen om delegasjonsreglement.

08.12.20: Fylkeskommunen gjev løyve til akvakulturlokalitet 45058 Urdanaset etter sakshandsaming av søknaden.

17.12.20: Kommunen får kopi av klage til fylkeskommunen frå Kjell Even Vågsæter ( kontaktperson) og 16 andre.

25.02.21: Kommunen og NVE får brev frå Stig Peter Mikael og Marianne Johansson med bekymring om miljøbelastning og skredfare ved etablering av anlegget. Kommunen sender dette vidare til fylkeskommunen.

03.03.21: Kommunen mottek 213 underskrifter «nei til oppdrettsanlegg ved Skafjellet/Urdanaset» og kommunen sender desse vidare til fylkeskommunen.

07.03.21: Kommunen har motteke epost frå Åse Berg Sæbø om HMS-vurderingar og skredfare. Kommunen sender dette vidare til fylkeskommunen.

09.03.21: Kommunen får opplyst frå fylkeskommunen at 2 klager på fylkeskommunen sitt vedtak er under handsaming. Fylkeskommunen kan anten gjere om vedtaket eller oppretthalde vedtaket sitt. Dersom dei opprettheld vedtaket går saka til Fiskeridirektoratet for avgjerd.

Arealplan:

13.02.19: Vedtak av samfunnsplanen i kommunestyret. Denne legg grunnlag for alt planarbeid i kommunen.

21.05.19: Kunngjering om bygdemøter for medverknad i tidleg planfase. Bygdemøter vart gjennomført frå 03.06.19 til 06.06.19. Frist for innspel til planen vart sett til 14.06.19.

23.10.19: Kommuneplanutvalet gjer vedtak om å legge arealdelen ut til offentleg ettersyn.

28.10.19: Kunngjering om offentleg ettersyn. Merknadsfrist sett til 13.12.19.

12.11.19: Kunngjering om informasjonsmøte i bygdelaga. Gjennomført frå 19.11.19 til 21.11.19.

04.06.20: Kommuneplanutvalet handsama saka og la den ut til 2. gongs offentleg ettersyn.

10.06.20: Kunngjering om offentleg ettersyn. Merknadsfrist sett til 16.08.20.

02.11.20: Kommuneplanutvalet handsama merknader etter 2. gongs offentleg ettersyn og la føringar for drøfting av motsegner med sektormynde.

15.02.21: Kommuneplanutvalet handsama vurderingane som var gjort etter møte med motsegnmynde. Planen vert no justert i tråd med vedtaket og sendt over til motsegnmynde for å be om at dei trekker motsegnene.

Vidare framdrift med tanke på arealdelen er vedtak i kommuneplanutvalet og kommunestyret i løpet av våren.

Avslutningsvis vil vi også nemne:

Innspel til planar må kome innan sette høyringsfristar for å bli teke omsyn til , jf. plan- og bygningslova med fleire.

Sakshandsaminga i kommunen har følgd rettsreglane på området

Kommunen kan gi uttale til søknad som vert avgjort av fylkeskommunen.


Kommunen har sjølv sagt opplysningsplikt om moment som har med lokalkunnskap og forhold som kjem oss til vitande (også utanom dei formelle kanalane), og at oppsummeringa viser at også dette er følgd opp på ein god måte i saka.

Med helsing



Jan Ove Tryggestad

Ordfører



Einar Lied

Kommunalsjef plan og utvikling